

# Mil etter mil

## **Det fyrste Birkebeinermerket, - og det tiande.**

"Svein, du greidde det!!"

"Greidde kva?"

"Å ta merket, vell!"

Omtrent slik var situasjonen for meg etter innkomst på Birkebeineren i 1994. Det fyrste "MERKET" var i lomma. Men på grunn av kluss både med meldestasjonane ute i løypa og med storskjermen som viste merketidene på Birkebeineren skistadion, visste berre dei som hadde vore i målområdet ei stund korleis det låg an. Dei som skulle hente meg hevda hardnakka at eg hadde greidd det, men eg sjølv våga ikkje å lite på dette. Eg var overbevist om at tidene var tekne av skjermen fordi eg var for seint ute – slik eg hadde vore det både i 1992 og 1993. Desse to åra hadde eg kome i mål langt etter merkekrava, men med mål om å greie det ein gong...

Det skulle vel vere unødvendig å nemne at eg var svært glad då eg fekk sjå dei offisielle resultatlistene med mitt namn ca. åtte minutt på rette sida av den magiske streken. Sidan den gong har det blitt fleire merker i Birken, og i år, den 18. mars 2006, greidde eg å ta mitt 10. i rekkja.

## **Mitt fyrste "løp".**

På guterommet i kjellaren hos far min heng der eit flott diplom med teksten:

"Sundag 2. mars 1969.

Svein Nakken har gått dagens løype og deltatt i folkelandskampen på ski.

Bli dus med skitrollet."

Om det var dette som var startskotet som fekk meg til å trivast på ski, veit eg ikkje, men sidan den gong har det blitt mange mil på ski, både på trening og i renn. At eg har blitt "dus" med Skitrollet er vel heva over einkvar tvil...

Den aktuelle sundagen i 1969 gjekk vi ein liten runde på "Tørmohau'n" ved ungdomshuset Vårvon i Straumgjerde. Eg var berre så vidt fylt tre år den gongen, og skulle såleis ikkje hugse så mykje frå dette "løpet", men ute i løypa losna eine bindingen min frå skia, og då hugsar eg at far min henta ein stein og banka fast spikrane att, slik at vi kom oss i mål.

## **Prøve ut skismurning...**

Mitt fyrste egentlege løp gjekk av stabelen på Fjellsætra, truleg i -76 eller -77. Eg hadde ikkje skikkelege langrennsski, så eg gjekk ned i Teigen og fekk låne "Tei-Siw" (Strøm - gift Årdal) sine flotte langrennsski i tre. Trur det var eit Madshuspar(?).

Desse preparerte så far min med å tjørebrenne dei dagen før løpet.

På sjølve renndagen var eg saman med Odd (Drotninghaug) på hytta deira, og Odd meinte at vi burde prøve ut kva skismurning som var den beste for løpet... Vi kom til at gul klistervoks kunne vere eit høveleg val. Som dei ukyndige smørjarane vi var, "gnika" vi derfor rikeleg på, og resultatet lét sjølvstakt ikkje vente på seg. TJUKKE KLABBAR under begge skiene til begge "super-smørjarane", og det store spørsmålet var kva vi skulle gjere no??? Det var berre å krype til krossen og seie det til far til Odd, "Bendik-Leiv". Han fekk ein stri tørn med å reingjere skiene, spesielt mine som var behandla med tjøre...

Eg trur det var eg som fekk skulda for idéen med å prøve ut smurninga, men etter så mange år trur eg at eg vågar å seie det slik det var: Dette var Odd sin idé, fullt og heilt. Eg hadde knapt peiling på kva skismurning var den gongen.

Korleis det gjekk med sjølve løpet, hugsar eg derimot ikkje...

## **Studiar på Elverum.**

Hausten 1991 tok eg eit langt og dristig skritt i livet (til meg å vere). Eg flytta til Elverum for å gå på lærarhøgskulen. Her kom eg i kontakt med andre som likte å gå på ski, og i fellesskap deltok vi både på treningar, cuprenn og turrenn i området. Til slutt greidde "dei" til og med å få meg til å melde meg på Birkebeineren, og på startstreken i mars 1992 i klasse M3 (25-29 år) stod altså eg som debutant. Løpet vart eit blodslit av verste sort, og eg lova at dette skulle bli både fyrste og siste gongen...

Så feil skulle eg altså ta, for på samtlege Birkebeinerrenn sidan den gong har eg vore på plass.

## **Det perfekte løpet.**

Lysta til å gå skirenn tok seg altså opp gjennom studietida på Elverum, og i tillegg til Birkebeinerrennet har eg også fleire gongar delteke i Holmenkollen Skimaraton. I 2001 var eg på plass, og då gjekk eg mitt livs løp. Alt klaffa. Skiene hadde topp feste og glid, og i tillegg hadde eg dagen då kroppen ikkje vart "dau". Resultat: Nr. 17 i klassa, og fin premie.

## **Til Svalbard.**

Gjennom alle desse renna som vi er med på, får vi innbydingar til skirenn mest alle stader, og i 2001 bestemte eg meg for å slå til på eit verkeleg eksotisk skirenn – Svalbard Skimaraton.

Eg fekk med meg Fridtjof Fredriksen (Sykkylven IL), og den 26. april var vi på flyet frå Vigra. Målet vårt låg langt mot nord – Longyearbyen.

Løpet gjekk brukbart, men opplevinga av å ha gått "der oppe" var endå større.

Interessant var det også å gå store delar av løpet skulder til skulder med den tidlegare storløparen Marianne Dahlmo. At ho tilslutt greidde å riste meg av får heller våge seg... På banketten etter løpet var vi også heldige å få dele bord med tidlegare herreslandslagstrener i langrenn, Odd Birger Skildheim. Han var ein trivleg kar, som hadde mykje interessant å fortelje.

## **"Team-Hatlen":**

Etter at eg flytta heimatt frå Austlandet vart eg kollega med Knut Hatlen frå Stranda. I samband med at dei to borna hans, Knut Anders og Elisabeth, var aktive langrennsløparar, var kjemien der med ein gong. Dei for på Norgescuprenn mest alle stader, og Knut hadde mykje å lære vekk når det gjaldt stell og smørjing av ski. Dette føler eg at eg har lært mykje av.

Ein kveld i 2000 ringte Knut meg og lurte kva eg dreiv på med... Eg svarte på spørsmålet hans, men eg forstod at han hadde noko anna på hjartet. Til slutt kom han med spørsmålet om eg kunne tenkje meg å køyre Elisabeth til Ål i Hallingdal på Norgescuprenn, og samtidig vere hennar personlege smørjar og servicemann(?)...

Det hadde seg slik at familien Hatlen låg i influensa, berre Elisabeth var frisk. Dei kunne såleis ikkje bli med henne denne helga. Etter litt tenkjetid bestemte eg meg for å svare ja, og då fredagen kom, la vi i veg. Fyrst til Sogndal, og så over Hemsedalsfjellet.

Korleis gjekk det så med dei to løpa, klassisk laurdag og fri teknikk på sundag?

Elisabeth vann begge løpa i Norgescupen den helga – med meg som smørjar...

Det vart ei minnerik helg, og etter den gongen har Atle (Hole) rekna meg som ein del av "Team-Hatlen."

Knut har elles vore med som fast sjåfør, skismørjar og servicemann på Birkebeineren sidan 2000, og saman med Fridtjof (Fredriksen) og Knut Anders (Hatlen) har vi vore eit bra team.

## **Nokre minnerike replikkar og kommentarar.**

Til slutt vil eg kome med nokre slagferdige kommentarar som heilt klart har vore med å krydre opplevingane vi har hatt gjennom medlemskapet i Velledalen IL, og som har lokka fram smil og latter mang ein gong....

### **Sagt på SVISS-cuprenn på Brunstad:**

Sigbjørn Brunstad får spørsmål om han skal bli med å gå i år også, og svarer: "Ja, e rekna no me at døkke vil ha litt silolukt i løypinje i år me..."

### **Sagt på veg heim att frå gateløp i Volda:**

(Dårleg tid på å nå ferja til Hundeidvik). "Hol-Eilling" (Elling Hole) spør: "E det lengje atte no, Roger...?" Roger svarer: "Nei, no e kløkkå der snart, pappa." Volkswagen Varianten oppnår eit rimeleg høgt turtal, og speedometernåla nærmar seg 130km/t.... Vi nådde ferja – så vidt...

### **Kva er dei beste skiene?**

Odd J. (Drotninghaug), Steinar (Fet) og underteikna diskuterer kva skimerke som var det beste. Vi var samde om at Fischer var det beste valet. Kasbar (Fet) høyrer diskusjonen vår og seier: " Dei beste ski'ne e enerski'ne..."

### **Sagt på Emblem:**

Ein av dei arrangementsansvarlege frå Emblem IL spør etter Leiv Drotninghaug. Han spør Kasbar Fet, og får til svar: " Nei, e heit-ikkje det, men viss du ser ei skinnhue so røykje pipe so he du trøffe rette vedkomande."

### **Sagt på Vatne. Skirenn i regi av IL Ravn:**

Både Anders (Straumsheim) og underteikna passa ikkje klokka og kom for seint til start. Eg varma opp med å springe rundt bilane. Anders derimot, hadde fortvilt behov for å kome seg på do, men "dassa" hadde gått tette.

"Anders-Petter" (Petter Straumsheim) utbryt på heimvegen: "Neste gong øss ska te Vatne ska ej fan mej ha me mej stakeband, og du Nakken, du lyt lære dej kløkkå...!"

### **Sagt i målområdet etter målpassering på Birkebeineren 1997:**

Atle (Hole) sit lettare "henslengt" i baksetet på bilen min og svarer fylgjande då eg spør han om korleis det gjekk:

"Å fy flate, Svein. Det va ei jævlige gåve døkke ga me."

(Atle fekk påmelding i "Birken" i 40-årsgåve av "gode" kameratar).

Til slutt vil eg nytte høvet til å takke alle dei som har vore med på å køyre oss på renn og løp gjennom mange år. Takk også til alle andre som har lagt ned eit enormt arbeid for at born og unge i Velledalen IL har hatt ein trygg og sikker stad og vere.

Gratulerer med dei fyrste 100 åra, Velledalen IL.

Med sportsleg helsing frå  
Svein Arne Nakken  
Straumgjerde